

Olje- og energidepartementet  
Postboks 8148 Dep  
0033 OSLO

Sanddal, den 280111

Dykkar ref: 10/01381

## **HØYRING – NY LOV OM ELSERTIFIKAT – UTTALE FRÅ BJØRNDALEN KRAFT AS**

### **1. januar 2004 – Løftebrot eller ein dato å halde seg til?**

Bjørndalen Kraft AS ønskjer marknad for elsertifikat velkommen og har god tru på at det vil tilføre marknaden mykje ny fornybar energi.

Bjørndalen Kraft AS er mellom dei 180 kraftverka som slik lovforslag føreligg ikkje får være med i sertifikatordninga. Verket er eigd av sju grunneigarar i Sanddal i Jølster. Installert effekt er 4,86 MW, årsproduksjon 17,6 GWh.

Vi tok til med utbygging av kraftverk i 2005 med iverksetting i juni 2006, ut frå lovnaden om at vi skulle kome med i sertifikatmarknaden når den vart etablert. Vi syner til Stortingsmelding nr 9 (2002-2003) og stortinget si innstilling til den. Vidare syner vi til St. meld. nr 18 (2003-2004 ) og innstilling frå komiteen som understreka behovet for at ein snarast må få i stand grønne sertifikat slik at investering i produksjonsanlegg for ny fornybar energi ikkje stoppa opp.

Ein særmerknad og eit forslag i innstillinga frå AP, SV og SP om at ein må innføre ei ordning alt frå 01.01.2005 oppmuntra til å tru at eit samla storting stilte seg bak ei ordning ein kunne feste lit til.

Dato 1. januar 2004 er seinare stadfesta av sittande regjering mellom anna:

- i St.meld.nr.11(2006 2007) vedr Feed-in vasskraft (24.11.2006).
- den 03.03.2008 skriv statssekretær Guri Størvold i Olje og energidepartementet i epost til Egil Berge at ordninga med tilbakevirkande kraft, slik den framstår i St.meld.nr. 18 (2003-2004), står fast. *“Du kan ta det helt med ro. Det som er sagt fra tidligere statsråder og i stortingsmelding nr. 11 om at anlegg satt i drift etter 1.1.2004 skal kunne komme inn i ordningen med grønne sertifikat hvis de ellers tilfredsstiller kravene, står fast.”*


Etter desse lovnadane ser vi det difor no som løftebrot frå regjeringa dersom småkraftverk over 1 MW som er bygde mellom 01.01.2004 og 07.09.2009, ikkje skal få være med i ordninga med elsertifikat.

Med gjeldande lovforslag vil verknaden for oss og dei andre 180 småkraftverka som tidligare er lova å få vere med i ordninga, verte lågare kraftprisar og dermed ein usikker økonomi framover.

Ved å halde tidligare lovnader vil ein få med 180 fleire kraftverk i overgangsordninga og ein kan auke startvolumet frå omlag 750 GWh til over 2 TWh. Dette er positivt når ein skal få marknaden med elsertifikat til å fungere i 2012.

For å rette opp avvik mellom politiske lovnader og framlagt lovforslag ber Bjørndalen Kraft AS om at alle småkraftverk opp til 10 MW med byggestart etter 1. januar 2004 vert inkludert i den nye sertifikatordninga. Dette må innarbeidast før den nye lova vert vedteken.

Med helsing  
Bjørndalen Kraft AS



Sjur Olav Sandal  
styreleiar